

Innovasjonsprisen

Innovasjonsprisen blir tildelt ein person eller ei verksemd, privat eller offentleg, som har skapt innovasjon gjennom strategisk bruk av forskning. Verksemda må ha fått støtte frå Forskningsrådet.

Vedtekter for innovasjonsprisen

1. Forskningsrådets innovasjonspris blir tildelt ein person eller ei verksemd, privat eller offentleg som har brukt forskning strategisk i innovasjonsarbeidet sitt, og slik skapt forskningsbasert innovasjon. Verksemda må ha nytta eitt eller fleire av verkemidla til Forskningsrådet. Tildelinga av prisen skal gi merksemd om nytteverdien av forskning som utgangspunkt for innovasjon. Den skal i tillegg vise nytten av samarbeid mellom forskingsmiljø og verksemdar og gi merksemd om Forskningsrådet som innovasjonsaktør.
2. Prisen skal bidra til å inspirere andre til å satse strategisk på forskning og til å ta i bruk forskingsresultat på ein framifrå måte.
3. Prisen blir lyst ut offentleg, og forslag til kandidatar sendast til Forskningsrådet. Frist og skjema for å sende inn forslag blir gjort tilgjengeleg når prisen blir lyst ut. Forskningsrådet kan også sjølv foreslå kandidatar.
4. Kandidatane blir vurderte av ein intern komité som nominerer dei fem til sju beste kandidatane. Desse blir deretter vurderte av ein jury nemnt opp av Forskningsrådets hovudstyre.
5. Prisen er på 500 000 kroner og blir delt ut på Forskingas festaften eller liknande arrangement i regi av Forskningsrådet.
6. Prispengane skal brukast til innovasjonsaktivitetar.

Juryen for Forskningsrådets innovasjonspris

- Hilde Tonne, juryleiar
- Geir Førre
- Eimund Nygaard
- Kirsti Hjemdal
- Pinar Heggernes
- Jan Magnus Aronsen
- John-Arne Røttingen

[Her kan du se tidligere vinnere av innovasjonsprisen.](#)